

Kyrkjemøtekomiteen sine merknader  
og Kyrkjemøtet sitt vedtak

## Ny salmebok

Kyrkjemøtekomiteen sine merknader

### 1 Overordna synspunkt

Komiteen støtter at det kjem ei ny salmebok no, og meiner at *Framlegg til Norsk salmebok 2013* er ei god og gjennomarbeidd bok. Komiteen stiller seg bak heilskapen i boka og dei overordna vurderingane som er gjort fram til ferdig framlegg.

Komiteen er glad for den første plenumshandsaminga av salmeboka. Det var mange engasjerte talarar. Fleire sa rosande ord om at salmeboka er godt balansert, har stor breidde, og vil bli ei tenleg bok for kyrkja vår. Det var ingen kritiske røyster til heilskapen i framlegget eller til måten salmeboka er redigert på.

Mange kom med positive innspel i debatten, og 16 skriftlege framlegg blei leverte. Alle er tekne opp i denne andre innstillinga frå komiteen.

#### *Database*

For komiteen er det viktig å peike på at ei ny salmebok ikkje er einaste kjelde for salmar til bruk i gudstenesta. Ein har fridom til å hente inn salmar frå andre kjelder, og etter kvart som den digitale salmedatabasen aukar i omfang, vil den bli ei kjelde å ause frå når ein treng salmar som ikkje har fått plass i salmeboka.

Komiteen er glad for at det blir laga ein slik salmedatabase der kyrkjelyden kan hente fleire salmar og songar til bruk i gudsteneste og trusopplæringsarbeid. Komiteen er oppteken av at denne basen må vere enkel å bruke på dei dataplattformene vi har i dag, og opne for løysingar tilpassa nye plattformer som smarttelefonar og lese Brett. Komiteen er òg oppteken av at kyrkjelydane får best moglege økonomiske vilkår for bruken av dei digitale løysingane som er knytte til avtala med Eide forlag, og er derfor oppteken av at det som gjeld kontrakt og rettigheiter i samband med avtala, blir gjennomgått grundig.

#### *Alternative utgåver*

Komiteen meiner det bør vurderast å utgje ei utgåve av salmeboka utan bønnebok og liturgiar. Ei slik bok vil bli om lag 260 sider mindre, og vil såleis ta mindre plass i salmebokhyllene og bli noko billigare.

Det er gledeleg at det kjem ei eiga besifra utgåve av salmeboka i tverrformat, som vil leggje til rette for å bruke andre instrument enn orgel. Når det gjeld melodiane, har komiteen eit ønskje om at ein vurderer tonehøgda på fleire av salmane.

## **Namnet på boka**

Komiteen har drøfta kva for samanhengar boka skal brukast i. Gudstenesta er utan tvil det primære bruksområdet, men boka skal og vere tenleg for bruk i heimen og for det personlege andaktslivet. Ho skal òg kunne brukast aktivt i trusopplæringa.

Komiteen meiner dette bør signaliserast allereie i tittelen på boka. Derfor ønskjer komiteen at namnet på tittelbladet skal vera *Norsk salmebok 2013*, med undertittel *For kirke og hjem / For kyrkje og heim*. Komiteen gjekk inn for denne tittelen, sjølv om ein då må bruke begge målformer i undertittelen.

På omslaget ønskjer komiteen at det berre skal stå *Norsk salmebok*, slik at ein slepp å doble målformene der.

## **Fadervår og truvedkjenninga**

I si første innstilling gjorde komiteen framlegg om at Fadervår og Den apostoliske truvedkjenninga burde stå på forsatsen i salmeboka – på bokmål og nynorsk. Når dette utløyste reaksjonar i plenum med krav om at Fadervår og truvedkjenninga skulle stå på seks språk på forsatsen – noko som ikkje lar seg gjere av omsyn til plass – vel komiteen å trekkje framlegget. Fadervår på bokmål, nynorsk, nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og kvensk er allereie med i bønebokdelen i salmeboka.

I plenum kom det eit skriftleg framlegg frå Silje Barkved om å endre “Fadervår” til “Herrens bønn” når bøna namngis. I liturgien som blei vedteke av Kyrkjemøtet førre året, er Fadervår (skrive i eitt ord) konsekvent brukt som namn på bøna. Namnet kan brukast på bøna både i gamal og ny form og i begge målformer. Komiteen ser det derfor som uråd å støtte dette framlegget.

## **Salmar til trusopplæringa**

I den første innstillinga peika komiteen på at det trengst fleire songar til bruk i trusopplæringa. Det var semje om å ta inn nokre fleire av dei barnesalmane som er i bruk i trusopplæringsarbeidet og i søndagsskulen. Komiteen gjorde framlegg om å ta inn nokre slike salmar.

I plenumshandsaminga kom det mange positive reaksjonar på dette grepet. Det kom òg framlegg om å ta inn andre barnesalmar. Dette kjem til syne i avsnitta nedanfor.

## **Undringssalmar**

I plenumsdebatten blei det reist ønskje om fleire salmar som gir rom for undring, gjerne av kjende diktarar. I samband med dette har komiteen drøfta nokre salmar, som til dømes H 349 *Ånders Herre! Du skal råde* av Welhaven og H 73 *Velsignede Morgen* av Ibsen. Komiteen meiner at dette perspektivet i nokon grad er styrka i denne innstillinga.

## **Dei einskilde salmane**

Sjølv om både komiteen og plenumsforsamlinga har støtta heilskapen i framlegget til salmebok, har ei rekkje einskildsalmar vore drøfta i begge fora. Det har vore gjort eit grundig forarbeid i mange bispedømmeråd, og komiteen har teke stilling til alle innspela.

### *Talet på salmar*

Komiteen har lagt til grunn at det samla talet på salmar ikkje må overstige 899. 900-talet i salmeboka skal reserverast for bibelske salmar og nokre få liturgiske ledd.

I framlegget er det 893 nummer. Det gir rom til å ta inn seks salmar. Komiteen legg opp til at fleire enn seks salmar bør takast inn, og er innforstått med at andre salmar då må takast ut. I innstillinga frå komiteen er det lagt opp til å skape balanse i denne rekneskapen. Komiteen ber Kyrkjemøtet vere seg medveten denne ramma.

### *Klarering*

Komiteen har ikkje teke inn salmar som ikkje tidlegare har vore drøfta i komiteane som har arbeidd med boka. Å ta inn salmar no som ikkje er forsvarleg vurderte, meiner komiteen er vanskeleg. Komiteen har likevel valt å gjere unntak frå dette når det gjeld nokre barnesongar/trusopplæringsalmar.

Dei salmane som komiteen gjer framlegg om å ta inn, er teologisk klarerte av biskopane i ekstraordinært bispemøte måndag 16. april 2012.

## **2 Salmar som er foreslåtte inn**

### **Inn-framlegga frå 1. komitèinnstilling**

Komiteen gjorde i første innstilling framlegg om å ta inn ein del salmar. To av desse salmane blei det reist innvendingar mot i plenum og det kom skriftlege framlegg om ikkje å ta dei inn. Dei to salmane var *Vår Gud er så stor, så sterk og så mektig* (framlegg frå Harald Hegstad) og *I det fjerne jeg skuer et underfullt syn* (framlegg frå Helga Haugland Byfuglien). Komiteen har òg revurdert eit av sine andre framlegg (*Om eg er liten eller stor*). Komiteen har drøfta alle desse salmane på nytt.

*Vår Gud er så stor, så sterk og så mektig.*

Komiteen har vald å trekkje framlegget om å ta inn denne salmen. Framlegget frå Harald Hegstad er såleis teke til følgje.

*I det fjerne jeg skuer*

Framlegget frå Helga Haugland Byfuglien om ikkje å ta inn denne salmen, er ikkje teke til følgje, og komiteen vil framleis ha salmen med. *I det fjerne jeg skuer* er ein salme som er godt kjend både internasjonalt og i Noreg. Han står på den felleskyrkjelege salmelista. Komiteen vil gi rom for slik breidde i salmeboka.

*S 70 Om jeg er liten eller stor/Om eg er liten eller stor* (Lydia Lithell)

*Skal det gode landet legges øde* (Tore Thomassen)

Etter ei ny drøfting vil komiteen trekkje framlegget sitt om å ta desse to salmane inn. Komiteen ønskjer å opptre moderat når det gjeld kor mange salmar dei vil ta inn, og desse to meiner komiteen det er lettast å gå tilbake på.

Herborg Finnsnes Heiene fremja eit skriftleg framlegg i plenum om å ta inn samiske dublettar til *Om jeg er liten eller stor*. Sidan komiteen foreslår å ta songen ut, blir det ikkje aktuelt å ta stilling til dette.

Når det gjeld dei andre salmane som komiteen foreslo i første innstilling, legg komiteen til grunn at det ikkje blei reist innvendingar mot dei i plenum. Komiteen ser det derfor ikkje naudsynt å argumentere ytterlegare for dei. Dei 12 salmane er:

S 115 *Du har eit liv som er verd å leva* (Bjørn Eidsvåg)

S 137 *På denne livets merkedag* (Liv Nordhaug, Svein Møller)

H 3 *I den stille klare morgen* (Lina Sandell, Tandberg, Black)

- Argument: Felleskyrkjeleg salme
- H 54 *I det fjerne jeg skuer/On a hill far away (George Bennard)*  
Argument: Komiteen ønskjer å ha breidde i salmeboka
- H 109 *Sjå den som bur i livd hjå Gud (John Bell, Hans Johan Sagrusten)*
- H 305 *Her e det et lite barn som kommer (Kari Bremnes)*
- H 302B *Kvite klede, himmelglede (Kristin Reitan, Eilert Tøsse)*  
*På Golgata stod det ein kross/På Golgata stod det et kors (Geir Hindar)*  
*Ærens konge, nådens Herre (van Dyke, Eyvind Skeie, Beethoven)*  
*Gud, min kjære Far, jeg tror (Kaskinen, Kristensen, Laaksonen)*  
*Må Gud velsigna deg/Må Gud velsigne deg (Björg Marit Notland)*
- H 62 *Å løft ham sakte (Arnold Eidslott, Eilert Tøsse)*

Når det gjeld dei tre siste av desse salmane, ber komiteen Kyrkjerådet vurdere å ta dei inn i avsnittet med bibelske salmar og liturgiske ledd. Om dei ikkje blir tekne inn der, blir dei ståande som vanlege salmar.

### **Salmar som blei foreslåtte inn i plenum**

To delegatar kom med skriftlege framlegg om å ta ytterlegare salmar inn i salmeboka.

Sigurd Skollevoll ønskte inn tre salmar av nordnorske opphavspersonar:

- H 250 *Du som styre straum og vind (Helge Stangnes, Ivar Jarle Eliassen)*
- H 164 *No rør ei natt seg ut fra land (Trond Hellemo, Ivar Jarle Eliassen)*
- H 305 *Her e det et lite barn som kommer (Kari Bremnes)*

Den eine av desse salmane, *Her e det et lite barn*, er allereie foreslått inn av komiteen. Komiteen ønskjer å kome Skollevoll i møte ved å tilrå at ein av dei to andre salmane òg blir teken inn. Av dei to meiner komiteen at ein bør velje *Du som styre straum og vind*. Den har god tekst og melodi, og forfattaren er ikkje representert i salmeboka frå før. Salmen set ord på ei allmenn menneskeleg erfaring, og kan brukast som ein sjøpilegrimssalme. Som teksten til Kari Bremnes, er denne òg skriven på dialekt.

Roald Braathen ønskte inn seks barnesalmar som stod i *Norsk Salmebok*:

- NoS 286 *Alt er skapt av deg, o Gud (P.A. Jensen, F. Sandberg)*
- NoS 501 *Båten var så liten (Frostenson, Sörenson)*
- NoS 503 *Barna kom til Jesus (Hallqvist, Skeie, Wikfeldt)*
- NoS 566 *Jesus satt i båten (Frostenson, Hillestad, Kverno)*
- NoS 593 *Du kalte oss til kirken/Du kalla oss til kyrkja (Nordhaug, Rommel)*
- NoS 615 *Å du som tek dei små i famn (Frimann, Bernt Støylen, Jakob Sletten)*

Komiteen ønskjer å respektere grensa på maksimum 899 nummer i salmeboka. Likevel vil komiteen gå inn for at éin av desse songane blir teken inn av omsyn til å få inn fleire salmar til bruk trusopplæringa. Komiteen går derfor inn for å ta med *Du kalte oss til kirken/Du kalla oss til kyrkja*. Dei andre songane meiner komiteen har hatt si tid, og er lite brukte no.

### **To salmar som det er gjort framlegg om å byte ut/inn**

Egil Morland kom med eit skriftleg framlegg om å ta ut ein salme av Olav H. Hauge og erstatte han med ei anna salme av same forfattar. Han vil ta ut F 440 *Alltid ventar eg å finna* og erstatte han med H 321 *Opn mine augo, Herre*, som han meiner er ein enno betre salme.

Komiteen går inn for å ta inn *Opn mine augo*.

*Alltid ventar eg å finna* er sett på lista over salmar som kan takast ut.

### **Salmar der det er kome framlegg om å ta inn dublettar**

Komiteen går inn for at dublettar til alle desse tre blir tekne inn.

- F 528 *Guds kirkes grunnvoll ene* (ta inn engelsk original) Framlegg: Mæland  
*The Church's One Foundation*
- F 530 *I Krist er ikkje aust og vest* (ta inn engelsk original) Framlegg: Mæland  
*In Christ there is no East nor West*
- F 383 *Lord, I lift your name on high* (ta inn norsk tekst) Framlegg: Nordal  
*Gud jeg opphøyer ditt navn*

Sidan dette framlegget kom, ønskjer komiteen òg at ein tar inn engelsk dublett på

- F 283 *O store Gud, når jeg i undring aner/How great Thou art*

I etterkant av plenum kom det eit ønskje til komiteen om å ta inn ein nordsamisk dublett på *O bli hos meg*. Når det gjeld samiske tekstar, har Samisk kyrkjeråd gjort vedtak om at det skal vere likt tal på alle dei samiske språka, og det er blitt semje mellom salmebokredaksjonen og Samisk kyrkjeråd om at talet skal vere 15 på kvart av språka. Å endre dette no vil vere svært uheldig.

### **Tekstbyte-framlegget frå 1. komitèinnstilling**

Komiteen gjorde i første innstilling framlegg om å byte den norske teksten på F 339 *Amazing Grace* frå Trygve Bjerkrheims omsetjing (*Å nåde underfull og stor*, seks vers) til Edvard Hoems omsetjing (*Forunderleg, eit vrak som meg*, fire vers).

I første plenumshandsaming kom det skriftleg framlegg frå Tone Synnøve Øygard Steinkopf om å la Trygve Bjerkrheims omsetjing bli ståande.

Komiteen har drøfta saka på nytt, og vil halde fast på framlegget om å byte omsetjing, sjølv om fleire no var positive til Bjerkrheim enn sist. Det naturlege vil vere at Kyrkjemøtet røyster over kva for ein av desse omsetjingane som skal stå i salmeboka.

### **Oppsummering av salmar inn**

Komiteen har med dette gjort framlegg om at i alt 15 salmar blir tekne inn. Med 893 nummer i boka frå før tyder det at ni nummer må takast ut.

Her er den komplette lista over innforslag:

- NoS 593 *Du kalte oss til kirken/Du kalla oss til kyrkja* (Liv Nordhaug, Kurt Rommel)
- S 115 *Du har eit liv som er verd å leva* (Bjørn Eidsvåg)
- S 137 *På denne livets merkedag* (Liv Nordhaug, Svein Møller)
- H 3 *I den stille klare morgen* (Lina Sandell, Tandberg, Black) Felleskyrkjeleg salme
- H 54 *I det fjerne jeg skuer/On a hill far away* (George Bennard)
- H 109 *Sjå den som bur i livd hjå Gud* (John Bell, Hans Johan Sagrusten)
- H 250 *Du som styre straum og vind* (Helge Stangnes, Ivar Jarle Eliassen)
- H 302B *Kvite klede, himmelglede* (Kristin Reitan, Eilert Tøsse)

- H 305 *Her e det et lite barn som kommer* (Kari Bremnes)  
 H 321 *Opn mine augo, Herre* (Olav H. Hauge, Holm W. Holmsen)  
*På Golgata stod det ein kross/På Golgata stod det et kors* (Geir Hindar)  
*Ærens konge, nådens Herre* (van Dyke, Eyvind Skeie, Beethoven)  
*Gud, min kjære Far, jeg tror* (Kaskinen, Kristensen, Laaksonen)  
*Må Gud velsigna deg/Må Gud velsigne deg* (Björg Marit Notland)  
 H 62 *Å løft ham sakte* (Arnold Eidslott, Eilert Tøsse)

### 3 Salmar som er foreslåtte ut

#### Ut-framlegga frå 1. komitèinnstilling

Komiteen gjorde i første innstilling framlegg om å ta ut fire salmar. Dei fire var:

- F 639 *Sometimes in our lives (Lean on me)* (Bill Withers)  
 F 702 *Svøp kappen din om skuldrene* (Erik Bye)  
 F 724 *Kringsatt av fiender* (Nordahl Grieg, Otto Mortensen)  
 F 829 *Det finst ei jord som opnar opp* (Jon Fosse, Andreas Utne)

I første plenumshandsaming kom det skriftlege framlegg om at kvar einskild av desse salmane må bli ståande i salmeboka. Framlegga blei følgde av fleire innlegg for eller imot desse salmane. Dei skriftlege framlegga om at salmane bør vere i boka, blei fremja slik:

- F 639 *Sometimes in our lives (Lean on me)* – fremja av Julie-Ane Ødegaard  
 F 702 *Svøp kappen din om skuldrene* – fremja av Solveig Fiske  
 F 724 *Kringsatt av fiender* – fremja av både Solveig Fiske og H.H. Byfuglien  
 F 829 *Det finst ei jord som opnar opp* – fremja av Solveig Fiske

Komiteen har gått gjennom desse salmane ein gong til, og vil no gje følgjande vurdering av dei:

#### *Sometimes in our lives (Lean on me)*

Komiteen har lytta til argumenta. Det er ein song som er mykje brukt i ungdomsmiljø i kyrkja. Sjølv om songen kan tolkast på ulike måtar, meiner komiteen at han får ein vertikal dimensjon når ein syng han eit kyrkjerom. Komiteen vi derfor slutte seg til framlegget frå Ødegaard, og trekk sitt opphavlege framlegg om å ta salmen ut.

#### *Svøp kappen din om skuldrene*

Komiteen drøfta mellom anna kva ein skal leggje i orda “Og stien må vi alle gå alene”. Også melodien blei diskutert. Eit fleirtal i komiteen opprettheld framlegget om å ta salmen ut. Dette er framleis komiteens innstilling, men det skal nemnast at eit stort mindretal hadde ønskje om å trekkje framlegget.

#### *Det finst ei jord som opnar opp*

Komiteen er framleis delt på midten, men eit knappast mogleg fleirtal har no landa på at salmen bør stå. Komiteen kjem då framlegget frå Fiske i møte.

#### *Kringsatt av fiender*

Komiteen har drøfta salmen på nytt etter plenumsdebatten. Komiteen registrerer at det

ser ut til å vere brei semje om at *Kringsatt av fiender* kan nyttast i gudsteneste når det er i samsvar med tema, sjølv om han ikkje står i salmeboka. Eit fleirtall i komiteen står fast på at dei ikkje vil ha salmen inn – det gjeld òg om ein reduserer talet på vers. Dei som utgjer mindretalet, vil oppretthalde ein dissens, og ønskjer salmen inn i salmeboka med fem vers (som i den katolske salmeboka *Lov Herren* og i *Treklang*).

## **Komiteens framlegg til fleire salmer som kan takast ut**

Når komiteen vel å ta inn nye salmar, må andre salmar ut. Ut frå den sterke argumentasjonen som har kome for å få inn fleire barnesalmar i den nye salmeboka, er barnesalmane i framlegget skjerma frå den følgjande ut-lista.

Lista er prioritert i nummerrekkefølge, slik at nummer éin er den første som går ut, og nummer elleve den siste. Blir det til dømes naudsynt å take ut sju salmar, vil dei fire siste på lista bli ståande i salmeboka. Heile komiteen står bak prioriteringa.

### 1. F 464 *Vær trøstig, mitt hjerte*

Dette er ein Brorson-salme. Språket kan oppfattast som litt gamaldags. “Trengsel og trøyst” er eit godt dekkja kapittel, så tematisk kan vi tole å vere utan denne.

### 2. F 588 *Før andre hanegal*

Hallgrimur er ein islandsk salmediktar. Salmen har kanskje ikkje ein veldig appellerande melodi, og er ikkje kjend frå før her i landet. Han er ikkje sunnen inn her.

### 3. F 648 *Gud har omsorg for vårt släkte*

Salmen blei ikkje teken med i Norsk Salmebok og heller ikkje i Salmer 1997, sjølv om den i alle fall blei vurdert til Salmar 1997. Det kan bli vanskeleg å få den i bruk som vigselssalme i Noreg. Ein har hatt ønskje om å prøve, men forsøket kan stanse her.

### 4. F 402 *Eg er redd for nytt og ukjent som fell på*

Det kan vere vanskeleg å få brukt denne salmen. Han stod i *Salmer 1973*, men kom ikkje med i Norsk Salmebok. Vi kan la vere å hente han inn att no.

### 5. F 96 *Syng høyt om Herrens miskunnhet*

Det er ein Magnificat-salme (Marias lovsong) som det ikkje er lett å få brukt. Den kan fort bli veranda blant dei ubrukne. Når noko må ofrast, kan vi tåle at den ryker ut.

### 6. F 821 *Nå synker sol i hav igjen*

Ein notidig islandsk salme. Vi har få islandske salmar i salmeboka. Men vi har veldig mange flotte kveldssalmar som er godt sungne inn, og som mange er glade i. Derfor er det ingen stor dramatik i å ofre denne.

### 7. F 479 *Underleg delvis er måten vi ser på*

Ein heilt ny tekst frå ein ung norsk forfattar. Det finst ingen originalmelodi til teksten, så han er kopla med melodi frå ein annan song. Sidan nesten ingen har rukke å få eit tilhøve til songen, vil den neppe bli sakna av mange.

### 8. F 700 *Som eit sandkorn i ein ørken*

Songen har truleg hatt si tid og sine sjansar, og det er fleire songar i framlegget han kan samanliknast med. Han er ikkje innarbeidd og ein kan tole å gi opp forsøket på å innarbeide han.

9. F 440 *Alltid ventar eg å finna*

Ein salme av Olav H. Hauge som er sett på denne lista etter at ein annan av Hauges salmer ble vald framfor denne.

10. F 497 *Så kort var den fröjd*

Kanskje den einaste salmen i framlegget som handlar om samlivsbrot. Men han har ikkje rukke å bli innsungen, så det vil nok ikkje skape rabalder om han må ofrast.

11. F 423 *O salighet, o gåtfullhet*

Salmen er ikkje godt sunge inn i Noreg, så antakeleg vil ikkje mange sakne han om han blir ofra. Det som talar mot å ofre han, er at han står på den felleskyrkjelege salmelista, og ein har prøvd å få inn så mange salmar som mogleg frå denne lista.

## 4 Andre framlegg

### Salmar der det er kome framlegg om tekstendringar

F 767 *Kjære Gud, jeg har det godt*  
Setningen “*Kjære Gud, gå aldri fra meg*” erstattes med “*Takk at du går aldri fra meg*” – skriftleg framlegg frå Benestad

F 751 *Gud signe vårt dyre fedreland*  
Endre “brøder” til “sysken” – skriftleg framlegg frå Sommerfeldt

F 81 *Forfulgte kristnes Gud*  
Endre opningsorda tilbake til: “*Du, de forfulgtes Gud*” – skriftleg framlegg frå Aano

Det første framlegget vil komiteen støtte, og tilrår at Kyrkjemøtet vedtek å endre teksten til “Takk at du går aldri fra meg.”

Komiteen er derimot tilbakehalden med å endre Fedrelandssalmen. Sommerfeldt har gode argument for å endre, men salmen er eit nasjonalt felleseige – eit nasjonalt ikon – og bør ikkje endrast utan ein prosess i forkant. Komiteen tilrår at Kyrkjemøtet ikkje endrar teksten no, og avviser framlegget frå Sommerfeldt.

*Forfulgte kristnes Gud*. Salmen dreier seg om dei forfulgde kristne. Komiteen har merka seg kva Aano seier, men er ikkje samd i vurderingane hans. Komiteen tar ikkje Aanos framlegg til følgje.

## Kyrkjelova

Framlegg frå Jan-Erik Sundby om endring i kyrkjelova §15 punkt g:  
Ønskje om lovfesta finansiering av liturgisk materiell

Framlegget kan ikkje realitetshandsamast i samband med denne saka. Komiteen går inn for at framlegget blir send over til Kyrkjerådet.



## Bibelhenvisningar

I plenum kom det eit skriftleg framlegg frå Øivind Benestad om å få langt fleire bibelhenvisningar under salmeversa med tanke på studiebruk.

Komiteen har diskutert dette. Framlegget kan ikkje realitetshandsamast no, og komiteen går inn for at framlegget blir send over til Kyrkjerådet. Komiteen vil oppmode Kyrkjerådet og Eide forlag om at det blir utarbeidd materiell til studiebruk i samband med salmeboka.

## Kjønnsinkluderande språk

I plenum blei det reist spørsmål om kjønnsinkluderande språk om Gud. Komiteen har ikkje drøfta dette nærare.

---

## Endringar i Framlegg til norsk salmebok 2013

### Salmer som blei tekne inn i salmeboka av Kyrkjemøtet 17.04.2012

- NoS 593 *Du kalte oss til kirken/Du kalla oss til kyrkja* (Liv Nordhaug, Kurt Rommel)  
S 115 *Du har eit liv som er verd å leva* (Bjørn Eidsvåg)  
S 137 *På denne livets merkedag* (Liv Nordhaug, Svein Møller)  
H 3 *I den stille klare morgen* (Lina Sandell, Tandberg, Black) Felleskyrkjeleg salme  
H 54 *I det fjerne jeg skuer/On a hill far away* (George Bennard)  
H 62 *Å løft ham sakte* (Arnold Eidslott, Eilert Tøsse)  
H 109 *Sjå den som bur i livd hjå Gud* (John Bell, Hans Johan Sagrusten)  
H 250 *Du som styre straum og vind* (Helge Stangnes, Ivar Jarle Eliassen)  
H 302B *Kvite klede, himmelglede* (Kristin Reitan, Eilert Tøsse)  
H 305 *Her e det et lite barn som kommer* (Kari Bremnes)  
H 321 *Opn mine augo, Herre* (Olav H. Hauge, Holm W. Holmsen)  
*På Golgata stod det ein kross/På Golgata stod det et kors* (Geir Hindar)  
*Ærens konge, nådens Herre* (van Dyke, Eyvind Skeie, Beethoven)  
*Gud, min kjære Far, jeg tror* (Kaskinen, Kristensen, Laaksonen)  
*Må Gud velsigna deg/Må Gud velsigne deg* (Björg Marit Notland)

### Dubletter som blei tekne inn i salmeboka av Kyrkjemøtet 17.04.2012

- F 283 *O store Gud, når jeg I undring aner.* Engelsk dublett: *How great Thou art*  
F 383 *Lord, I lift your name on high.* Norsk dublett: *Gud jeg opphøyer ditt navn*  
F 528 *Guds kirkes grunnvoll ene.* Engelsk dublett: *The Church's One Foundation*  
F 530 *I Krist er ikkje aust og vest.* Engelsk dublett: *In Christ there is no East nor West*

### Tekstendring som blei vedteke av Kyrkjemøtet 17.04.2012

F 767 *Kjære Gud, jeg har det godt*  
«Kjære Gud, gå aldri fra meg» erstattes med «Takk at du går aldri fra meg»

### **Salmer som blei tekne ut av salmeboka av Kyrkjemøtet 17.04.2012**

F 096 *Syng høyt om Herrens miskunnhet* (Wallin, Landstad, Genève)  
F 402 *Eg er redd for nytt og ukjent som fell på* (Hallqvist, Hauge, Kverno)  
F 464 *Vær trøstig, mitt hjerte* (Tysk, Brorson, Folketone)  
F 479 *Underleg delvis er måten vi ser på* (Trond Serkland, Conrad Baden)  
F 588 *Før andre hanegal* (Hallgrímur Petursson, Brunvoll, Bartlett)  
F 648 *Gud har omsorg for vårt släkte* (Hallqvist, Hovland)  
F 702 *Svøp kappen din om skuldrene* (Erik Bye)  
F 724 *Kringsatt av fiender* (Nordahl Grieg, Otto Mortensen)  
F 821 *Nå synker sol i hav igjen* (Einarsson, Aasmundtveit, Sigurbjörnsson)

---

### **Kyrkjemøtet sitt vedtak**

1. Kyrkjemøtet vedtek å autorisera ny salmebok for Den norske kyrkja, slik ho er lagd fram på møtet i april 2012 med dei endringane som kom fram i Kyrkjemøtet.
2. Administrasjonen i Kyrkjerådet får mynde til å gjere naudsynte justeringar i salmeboka i korrektur- og produksjonsfasen.
3. Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å slutføre kapitlet med bibelske salmar og liturgiske ledd og hente inn godkjenning frå Bispemøtet før sommaren 2012.

(Samrøystes vedteke)